



Jarle Fossheim frå Rosendal– nummer to frå høgre – syng med Røysterett for alle no fordi han skal vera reservetenor på Italia-turen. Til høgre står Leiar i Røysterett for alle Lars Henrik Skogtun og til venstre Kjell Magne Haugland og Oscar Langballe.

**Blandakoret Røysterett for alle, med base i Uskedalen, har eit ambisiøst program foran seg i vår, med vårkonsert i Helgheim lørdag 19, mars, innspeling av CD i Rosendal Samfunnshus dei 3 første dagene i april og tur til Gardasjøen i Italia frå 16, juni.**



Maria Malmsten er ein ambisiøs og inspirerende musikalsk leiar

Men det er 29 songarar på konsertplakaten og det kan ikkje bortforklarast at det har vorte nokre færre røyster i dei seinere åra.

Leiar Lars Henrik Skogtun frå Herøysund seier til uskedalen.no at det no er trong for rekruttering, ikkje minst av yngre songarar.

Han varslar ein kampanje med det som siktemål til hausten.

- Det er slett inga krise. Men no er vi 32 aktive og treng fleire. Vi veit ikkje heilt korleis vi skal gripa an saka når vi skal freista å lokka nye songarar inn i koret. Eg trur vi i første omgang treng ein idedugnad for å finna ut det og eg ber i tråd med det om gode råd.

- Det må kanskje skje noko med repertoaret?

- Jau, det er nærliggjande å gjera det noko meir "ungdommeleg" med større vekt på popmusikk, sjølv om egpersonleg ikkje er så altfor begeistra for det.

Det er i alle høve eitt breitt repertoar historisk sett som koret kjem til å syngja seg gjennom i dei næraste månadane, også med vekt på dei songane som har stått på programmet i dei siste åra. Skulle ein våga seg på ei overskrift måtte det kanskje vera "Frå renessansen til Beatles og Vamp".

Øvinga torsdag kveld bar preg av stort mangfald og lovande song framfor den hektiske våren.

I flokken som øvde var også ein kjend Rosendal-songar å finna – det var den tidlegare leiar av songlaget Jarle Fossheim. Han er ingen avhoppar - han er utlånt til Røysterrett for alle fordi koret har fått forfall frå tre tenorar til Italia-turen. Fossheim får altså eit smigrande oppdrag.

Ferda til Nord-Italia blir på sett og vis ein reprise. Begge kor har Maria Malmsten som inspirerende dirigent og ho har vore i Italia også med Rosendalkoret.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen





Helgheim er eit godt øvingslokale og her skal også vårkonserten avviklast.